

Fra Forum for sjø- og jordkabelteknologi.
Org. nr. 929 344 677.

Etne, 14.02.2023

Til:
Klima- og miljødepartementet
v/Klima- og miljøminister Espen Barth Eide.
Mail: postmottak@kld.dep.no

Kopi til:
Statsminister Jonas Gahr Støre
Mail: postmottak@smk.dep.no

Til Klima og miljøminister Espen Barth Eide.

Vedr. NVE's konsesjonssak ny 420kV overføring Blåfalli – Gismarvik.

Vi representerer Forum for sjø- og jordkabelteknologi (FSJT) i Etne som arbeider å få endret og forbedret lover, forskrifter og regelverk, herunder Stortingsmeldinger m.m., slik at installasjon av sjø- og jordkabler i 300kV og 420kV transmisjonsnett i Norge blir prioritert høyere enn installasjon av tradisjonelle høyspentlinjer, og at man for fremtiden unngår rasering av norsk natur, fauna, dyre- og fugleliv, og man skal prioritere landskapsvern og kulturverdier i naturen. Se www.FSJT.no og facebook: [Nei til monstermaster i Etne, Skånevik og Vindafjord | Facebook](#).

Dette gjelder også NVE's konsesjonssak ny 420kV overføring Blåfalli – Gismarvik som er tilgjengelig på NVE sine nettsider www.nve.no/4728/A. Denne saken er nå sendt fra NVE til OED.

Me fylgde klima narchspeilet som WWF arrangerte og som du var med på.

Veldig kjekt å høyra at me endeleg skal ta omsyn til naturen, og at regjeringa meiner alvor, og forstår at klima og natur er som hjarte og lunge. Begge trengs for å fungere.

På slutten av dette narchspeilet vart me oppmoda til å komma med innspell om korleis me kan verne om naturen, gjerne direkte til Klima- og miljøministeren. Derfor sender me denne bekymringsmeldinga til deg om NVE sitt vedtak, som tilet Statnett å rasere og bygge ned store mengder urørt natur, og i tillegg øydelegge levesteder til truga dyre- og fuglearter. Sårbare og freda bergarta og myrområder vil og rammast.

NVE kan ikkje ha fått med seg kva Norge har forplikta seg til i FNs naturavtale. Dette er særst tydeleg når dei vel å ikkje utgreie sjø- og jordkabel, og NVE gir tillatelse til å rasere milevis med urørt og viktige naturområder med monstermaster.

Me siktast som nevnt til ny 420kV kraftoverførselen frå Blåfalli i Kvinnherad som skal til Gismarvik Næringspark i Tysvær kommune.

Dette er ei bekymringsmelding om rasering av fjellområder som ikkje ein gong er konsekvensutgreia. Me legg ved tilleggsnotat til KU 420 kv Haugalandet.

Statnett og NVE har ikkje fulgt nuværende KU veileder 2020:

Ref. punkt 3.3. Endringar i metode: «Med ny KU-veileder i 2020 kom også det formelle kravet om at all naturtypekartlegging skal gjerast etter Natur i Norge (NiN) versjon 2 og Miljødirektoratets kartleggingsinstruks (Miljødirektoratet 2022). Naturtypene som ble kartlagt til KU i 2018 følger typeinndelingen i DN-Håndbok 13 (DN 2007) som var datidens gjeldende metode. Kartlegging etter NiN er grunnleggjande forskjellig fra kartlegging etter DN-Håndbok 13».

I samme tilleggsnotat kan ein lese i punkt

3.6 Usikkerheter: « Statnett har som nevnt tidligere ikke bestilt en full konsekvensutredning av tilleggsøkte alternativ, og det er ikke gjennomført befaring eller ny kartlegging av slike traseer eller anleggsveger og –områder. Alle kraftledningstraseer eller anleggsområder/veger ble for så vidt heller ikke befart/kartlagt med KU i 2018 og det foreligger derfor en iboende usikkerhet knyttet til at all relevant informasjon er fanget opp. Gitt nivået på denne vurderingen har det heller ikke vært tid til en detaljert gjennomgang av VR modellen med tanke på synlighet og kraftledningens visuelle virkninger på friluftsliv. Det er ikke tatt kontakt med kommunene angående oppdatert informasjon om friluftsliv, og informasjonen her er basert på det som er registrert i offentlige databaser».

Videre ber me deg se i punkt B57-1:

« Anleggsområdet er plassert på et areal som burde sjekkes ut for naturtypen naturbeitemark før event. byggefase. Et stort myrområde med lokal verdi og villreinområde Skaulen – Etnefjellet ligger om lag hhv. 150 og 330m sør for anleggsplassen.»

Dette tilleggsnotatet er i seg sjølv grunn nok til at denne konsesjonssøknaden må avvisast.

Me merka oss kommentarar frå deg på narchspielet som: «det lønner seg å gjere ting smartere», « det brenner under føttene på oss», «bygge ned minst mulig, og når vi må, så skånsomt som mulig», «Natur og klima må være ramme rundt all politikk», og ikkje minst «NATURREGNSKAP», som handla om å ta og å gi noko tilbake. Me klare ikkje å sjå korleis ein kan gi tilbake for all natur som i dette tilfellet vert øydelagt. Me vonar naturavtalen gjeld også for Etnefjellet.

Me ber deg nå om å kreve i Regjeringa at denne saka må bli behandla i Stortinget. For skal FNs naturavtale vera meir enn tomme lovnader, og ein skal byggje ut så skånsomt som mulig, (dine ord). Då er sjø- og jordkabel det einaste rette på denne overføringen. Denne saka er for viktig til at den skal avsluttast bak lukka dører og av byråkrater i OED.

Særleg med tanke på kva Norge har forplikta seg til ved FNs naturavtale, så må denne saka verta avgjort der alle Stortingspartier og komitéer får komma med synspunkter. Me skal huska på at denne avgjersla får konsekvenser for naturen i minst 80 år fram i tid.

Om dette ikkje skjer, så blir denne saka eit stort svik mot FNs naturavtale. Og, den blir eit stort svik mot demokratiet. NVE har oversett høyringsuttaelsar fra bl.a. Etne kommune og Vestlands fylkesting. Alle desse har gitt innspel som peikar på at sjø og jordkabel skal nyttast i denne kraftoverføringa.

NVE viser til Stortingsmelding 14 som seier at 420kv linjer skal førast i luft. Det er på tide at NVE nyttar seg av unntaksviset i denne meldinga. NVE grunngjev tilrådinga for luftspenn i staden for å kreve sjø- og jordkabelalternativ med kostnad, og usikkerhet/ vanskeligheter med sjøkabel.

Eg ville gjerne visst kva pris NVE sett på urørt natur 80 år fram i tid. Me har naturkrise og som det vart sagt på naturnarchspielet, så skal det koste å verne natur.

Angående usikkerhet med sjøkabel, så er det vanskeleg å forstå slik bakstreversk og gammaldags tankegong i 2023. Norge er i verdenstoppen på undervannsteknologi, og det er til nå lagt tusenvis av kilometer med sjøkabel i Nordsjøen. Olje- og energidepartementet vil til og med gjenoppta konsesjonsbehandlninga for sjøkabel frå Sima i Hardanger til Storbritannia. Dessuten vil det i framtida garantert verta sikrere med sjø og jordkabel med tanke på ekstremver og terror.

Me ber om at du ser alvoret for naturen i denne konsesjonssaka og tilrådinga frå NVE. I tillegg til at me ber deg kreve saka behandla i Stortinget ynskjer me i FSJT eit møte med deg om denne saka. Me viser også til mail sendt fra FSJT til deg og postmottak@kld.dep.no dato 03.01.2023 (21.10). Vennligst bekreft snarest om tidspunkt for et min. 30 min. teamsmøte med deg.

Vedlegg:

Statnetts Tilleggsnotat til KU 420 kV Haugalandet 20. sept. 2022 Offentlig.

NVEs Orientering om innstilling til vedtak om ny 420 kV kraftledning, 08.02.2023

Link til politisk debatt i Etne om saka, august 2022: <https://youtu.be/AWEjbhcLaO4>

Til info blir dette brev også sendt til noen aviser.

Beste helsing

Forum for sjø- og jordkabelteknologi

www.FSJT.no

Sign.

Johan Strømsvold, Leder.

Grethe Tesdal

Dag Jørgen Neraal